


KYRKJEBLAAD FOR ÅL



SALMANE I VÅRE HJARTE / VELKOMEN HEIM REZENE! / MØT SALMEDIKTAREN
HÅP, GLEDE OG LATTER! / ARBEIDARRØRSLA OG KRISTENDOMMEN

NR. 4 | 2020 | 61. ÅRGANG



*Salmeboka inneholder toner og tekster for enhver situasjon. Hele tiden med åpen linje til Gud.
Når TV-prosjektet «Salmeboka minutt for minutt» ble så populært, skyldes det gjenkjennelse.
Tårer og smil, klage og takk følger oss hele livet. Desto viktigere blir tekster fylt med lovesang og tilbedelse.
Slike salmer setter dager og netter inn i et nytt lys, når de på en helt spesiell måte knytter oss til Gud.*



Av Birger Bolstad

Salmane i våre hjarte

Er det salmar som betyr mykje for deg?

Dei fleste av oss vil nikka og svara ja til det, i alle fall i krisetider for enkeltmenneske og samfunn. Salmar blir nytta til trøyst, erkjenning, gjenkjennning. Ingen andre dikt er så viktige som salmane: ved starten og slutten på livet, ved høgtider som jul, 17. mai, konfirmasjon, giftarmål. Eller kva med den jublende glede over sjølve livet, våren, kjærleiken...? Salmane fangar inn det heile.

Eg har tenkt på det mange gonger, korleis salmane skaper fellesskap på tvers av tid og stad. Salmane uttrykkjer generasjonars tru og håp. «Deilig er jorden», syng me, «slekt skal følge slekters gang». Kor trygt og godt er det ikkje til dømes å sitja i kyrkjebenken i ei gravferd, med salmemarket framom seg, og - saman med andre - syngja med om ein klarar?

Salmar kan vera tekstar frå Bibelen, og særleg frå Salmanes bok i Det gamle testamente. For ei eksistensiell fortviling mange av desse bibeltekstane uttrykkjer! Og som dei talar til oss menneske i dag, i 2020! Les for eksempel den tankevekkande andakta til Kari Brye på s. 3.

O.L.Haugen og salmeskatten

Men det er særleg dei dikta salmane, på ulike folkespråk, som me tenkjer på med ordet salme. Med reformasjonen fekk den folkespråklege, kristne salmediktinga eit kraftig oppsving. Martin Luther førte an: «Vår Gud han er så fast ei borg! Og i Noreg (og Danmark!) vaks det fram ein salmeskatt som har levd vidare i generasjonar: Petter Dass,

«Ingen er glemt
av Gud»

Brorson, Grundtvig, Landstad, Elias Blix og mange, mange fleire.

Eg hugsar kristendomstimane på Nedre-Ål skule på 60-talet. I 4. og 5. klasse hadde me O. L. Haugen som klassestyrar, ein lærar eg vart glad i. Me pugga dagleg fleire salmevers som måtte framføraast ståande, ved pulten. Slik eg hugsar det, vart alle høyrd, rekkje opp og rekkje ned. Delar av denne salmeskatten sit enno som spikra fast i minnet mitt. Livet buttar stundom imot, blir vanskeleg; det gjeld oss alle. Når eg har det slik, kan salmar frå barneskule-tida dukka opp att, salmar som gjev trøyst og håp. Her er så mykje livsvisdom: Å leva, det er å elskar!

Dei sterke Ellingsen-salmane

Diktaren som står bak flest salmar i salmeboka vår, 43 eigne salmar og 15 omsette, er Svein Ellingsen som døydde i påska. Salmane hans har betydd så mykje for mange, også for meg.

Ellingsen opplevde kanskje det vanskelegaste i livet, å mista eit barn. Dottera Margrethe vart påkøyrt av ein bil, seks år gammal, og faren bar seinare på sterkt skuldkjensle for dette. Ein dag står han ved grava hennar saman med dottera Ingvild, som spør: Kvar er Margrethe no?

«Hva skal han svare? Hvor er Margrethe nå? Svaret kommer av seg selv og Svein sier disse ordene: – Kroppen er gjemt i jorden, men livet er gjemt hos Gud». Dette skriv Eyvind Skeie i biografien om Svein Ellingsen. Fleire år seinare blir dette ein setning i ein salme (frå nr 872):

Når er livet gjemt hos Gud.
Vi overgir alt til ham.
Håpet er tent i tyngste sorg.
Ingen er glemt av Gud

I følgje biografen mistar ikkje Ellingsen fotfestet i denne krisa, men held fast ved kjernen i livet og finn sunne vegar ut or sorga. Ellingsen får seinare ein son som han skriv ein dåpsalme til, ein salme som rommar det mange nybakte foreldre kjenner for barnet:

Glede over eit nytt liv, men også uro for kva som ventar i framtida (frå salme 586):

Fylt av glede over livets under,
med et nyfødt barn i våre hender,
kommer vi til deg som gav oss livet.
Fylt av beven foran ukjent fremtid
Legger vi vårt barn i dine hender,
det som skjer i dåpen gir oss trygghet.

Me har alle eit ansvar

Likevel: Den sterkeste og finaste Ellingsen-salmen, synest eg, er «Noen må våke i verdens natt» (salme 738). Den appellerer sterkt til oss notidsmenneske som får krig og liding og vondskap rett inn i stova via TV-skjermen. Salmen peikar også på det ansvar som mennesket har for å skapa ei leveleg verd, utan å mista håpet. I 2. vers heiter det:

Noen må bære en annens nød,
noen må vise mildhet,
noen må kjempe for andres rett,
Gud, la ditt rikes tegn bli sett!
Hjelp oss å følge ditt bud!

Og i dag kan me her i kyrkjebladet presentera ei spennande og ny salmestemme i Noreg, Heidi Strand Harboe. Sjå s. 4.

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Arne Jensen • Liv Margit Sørboen

BANKGIRO 2320.20.70272 | **ADRESSE** Postboks 140, 3571 Ål | **UTGJEVAR** Leveld, Torpo og Ål sokneråd

GRAFIK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag-fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no

PROST Steinung Hansen | **PROSTIPREST** Arne Jensen | **SOKNEPREST** Vigdis Moen Storhaug | **KYRKJEVERJE** Kjellfred Dekko | **SEKRETÆRAR** Guro Stave • Elin Etterlid Tveito
KANTOR Audun Flaen | **MUSIKARAR** Ingunn Stræte • Håkon Tveito | **DIAKON** Hilde Kirkebøen | **KYRKJELYDSPEDAGOG** Kristine Giljebrekke Andersen | **REINHALDAR** Rezene Habtom
KYRKJETENRAR Håkon Tveito • Lars Monrad Vaage • Morten Storhaug | **SOKNERÅDSLEIAR** Einar Brattegard | **FELLESRÅDSLEIAR** Torfinn Slåtto

Ord

Du er kva du et.

Du er kva du les.

«Eg fann orda dine og åt dei. Og orda dine var til fryd og glede for mitt hjarte»,
sa profeten Jeremia i bøn til Gud.



Av Kari Brye

Sannings ord.
Levande ord.
Livets ord.
Ord, ord, ord....
Det er berre ord, seier vi,
og ropar på handling.
Ordet vart menneske og tok bustad
iblant oss – Jesus.
Kjærleiken handlar, men kva med
orda....
Ord gjer noko med oss – byggjer opp og
riv ned, løfter og tyngjer, gir liv og drep...
Kva les du? Kva høyrer du på?

Å vakne på morgenen med ei sangstrofe
i hovudet – frå ein salme eller ein enkel
lovsang - reddar dagen!
Å få ord frå Bibelen – ei fortelling, eller
eit vers eller to som talar rett til *deg*
i din situasjon, til trøyst og oppmuntring,

eller formaning og rettleiing – reddar
livet!

Eg har gjennom livet hatt for vane å lese
David sine salmar i Det gamle testamen-
tet, gjerne ein for kvar dag, og i det siste
tatt for meg kyrkja si salmebok frå perm
til perm, lese ein salme der kvar dag.
Gong på gong opplever eg at ein tekst på
forunderleg vis er til *meg* - ord eg trong
akkurat den dagen!

Forstå det den som kan. Tru og grip det,
den som vil!
Gjennom Bibel og salmebok går ein raud
tråd.
Og summen er sanning.
«Eg fann orda dine og åt dei»....
Ord med ånd og liv i seg, ord frå Gud

sjølv, evige og faste, og ja, om vi likar dei
eller ikkje: Et, drikk, fyll på!!!

Då har du og Den Heilage Ande eit for-
råd i hjarta ditt å ause av!

«Kor godt med eit ord i rett tid», sa den vise
kong Salomo. «Som eple av gull i skåler med
sølv! Som ein straum av honning, søte for sjela
og lækjedom for kroppen».

VELSIGNA HAUST!

«Eg fann orda dine og åt dei.
Og orda dine var til fryd og glede
for mitt hjarte»

Velkommen heim, Rezene!



– Heile verda var eit kaos.

Det seier ålingen Rezene Habtom (41), eigentleg frå Eritrea, som var korona-fast i Sudan i vel fire månader. Han reiste på ferie til Afrika i februar for å besøkja foreldre og vene, men kom seg ikkje heim att til Ål før i slutten av juni. Koronaviruset førte til stengde grenser og innstilte flyruter og sjølv sagt store frustrasjoner.

Positive og blide Rezene har budd her i landet sidan 2011, og er ein arbeidssam reinhaldar og kyrkjeterar i kyrkja i Ål. Velkommen heim att, Rezene!

Birger Bolstad



Foto: Torfinn Slåtto

Dugnad er samarbeid og moro!

På alle tre kyrkjegardane våre hadde mange møtt fram til det viktige dugnadsarbeidet også i år. Men det var nok nokon som sakna kaffien på kyrkjegardsdugnaden, rapporterte Torfinn Slåtto, fyllesrådsleieren, frå Leveld.

Leveldingane hadde dugnaden sin så seint som 26. mai, då dette biletet vart teke. Men veret var strålande og arbeidet gjekk effektivt unna med arbeidsglede, liv og lyst. Takk til alle 20 som møtte fram, og takk til alle som gjorde ein stor innsats på kyrkjegardane på Torpo og på Sundre!



Bilete frå 2012 då salmediktaren Heidi Strand Harboe gjesta Ål kyrkjeakademi.

(Foto: Tone Merete Thø, Hallingdølen)

MØT SALMEDIKTAREN HEIDI STRAND HARBOE

Salmane gir håp og set mot i oss

– Eg håpar å formidla erfart menneskeliv og trusliv med salmane mine, seier salmediktaren, forfattaren og læraren Heidi Strand Harboe (59) frå Jæren i dette intervjuet.

Av Birger Bolstad

Heidi er ein av dei nye, spennande salmeprofilane og lyrikarane her i landet. To salmar har ho fått med i den nye salmeboka, «Eg kjem med tome hender og kneler stille ned» (nr 438) og «Bortom tid og rom og tanke» (nr 460), i tillegg til to omsette salmar. – Eg skriv alltid, seier ho, og har forfatta eit trettitals salmar som gjerne handlar om kvardagen og om møte med Gud i kvardagslivet. Men ho har til dømes også skrive ein gripande og sterk salme om tida etter 22. juli-terroren, «Med redde tankar».

Ein salme kan opna augo dine

– Nokre av salmane mine er ute og flyg på eigne venger, andre har i liten grad blitt brukte. Og nokre har ikkje fått

melodi endå og ligg berre og ventar i skuffene til ulike komponistar på ein melodi dei kanskje får ein dag, seier Heidi, som også har gjeve ut fleire dikt-samlingar. Ho debuterte med «Døtre av glede» i 1985.

Og ho er ein god og spennande formidlar! Heidi gjesta Ål kyrkjeakademi med sine salmar og dikt i 2012, til stor glede for oss tilhørararar.

– Du er oppteken av kyrkje og kristenliv, Heidi, og var i si tid med på den store dugnaden for den nye liturgien i kyrkja: Det handla om ordval, skriving og diskusjonar der formuleringane skulle eltast og slipast til dei vart til ord som kunne bli fellesige for oss alle. Korleis vil du karakterisera ein god salme?

– For meg er ein god salme noko som rører ved hjarte og kjensler. Ein salme er uttrykk for gudsdimensjonen i eit menneskeliv og har i seg ulike kjensler og erfaringar knytta til dette. Du må våga å henta fram eigne ærlege og kanskje sårbare erfaringar dersom det skal bli ekte. Alle erfaringar med å vera menneske, i ein gudsrelasjon, høyrer heime i ein salme. Og som i all god litteratur: Du får oppleva å tenkja med andre sitt hovud ei lita stund, seier Heidi.

– Ein god salme kan opna auga dine for andre sine erfaringar med Gud og andre sine tankar om det guddommelege.

Bortom tid og rom og tanke

TEKST: HEIDI STRAND HARBOE / MELODI: CARL PETTER OPSAHL

Glad i ord

Heidi fortel i ein epost at ho alltid har vore så glad i ord. - Det eg opplever og erfarer prøver eg å gje eit språk. Eg prøver alltid å «fanga» tankane og erfaringane i ord før dei forsvinn og blir borte.

Og så fortel ho om då ho var lita og djupt fascinert av fine ord:

- Eg likte å høyra på Ønskediktet i radioen. Eg likte godt å smaka på orda i eventyr, salmar og gamle songar. Eg likte å lesa dødsannonse i avis, for det var så mange fine ord i dei!

- Eg har ei sterk gudstru, fortel ho. Difor er det naturleg for henne å skriva salmar inspirerte av sjølve livet og alt ho opplever som menneske. Ei anna inspirasjonskjelde er naturen, og spesielt naturen på Jæren, som ho er så glad i. Det var då også Heidi, vår gode veninne, som hadde teke det fine blome-biletet på framsida til pinsenummeret av kyrkjebladet vårt.

Våg å leva midt i livet!

– Salmen «Bortom tid og rom og tanke» er mykje nytta i gudstenestene her i Ål. Carl Petter Opsahl har laga melodien. Korleis vart denne salmen til?

Å jo, Heidi hugsar godt då ho skreiv salmen. Norges kristelige studenterforbund skulle feira sine eitt hundre år og hadde lyst ut ein salmekonkurranse som ho seinare vann. Heidi ynskte å senda inn sitt bidrag, men kom liksom aldri i gang med skrivinga. Lærarjobb hadde ho, fire små born hadde ho, dagane var travle og «møblerte», som ho seier. Ho måtte derfor henta fram «dei ørsmå hola i dagane» om ho skulle få tid til anna enn daglege, viktige gjermål.

- Eg opplevde å stå i ein større samanheng i livet og at det heilage omgav meg. Det åndelege var berre «eit lite tankeskund» unna alt det konkrete og veldig kvardagslege, seier Heidi, som altså starta med setningen «Bortom tid og rom og tanke» og med biletet om, nettopp, ørsmå hol i dagen.

Så skreiv ho salmen i eitt, utan pause og utan særleg flikking etterpå.

- Eg tok berre rett og slett tak i min eigen situasjon der og då og skreiv ned ei bøn om at Jesus skulle vera med meg og bruka meg:

- La meg leva sterkt og nakent, våga sjå og våga høyra, våga leva midt i livet, våga trå på heilag grunn.

*1 Bortom tid og rom og tanke
finst ein stad der alt er annleis,
finst ein stad der alt er heilagt,
finst ein stad der Kristus er.
Når min trøyte, redde tanke,
når min draum, min lengt, min styrke,
når mitt liv og alt eg lever,
det er godt å vera der.*

*2 Gjennom ørsmå hol i dagen,
får eg venda mine tankar,
ta eit lite steg til sides,
søkja Herren, Han som er.
Gjennom tause, mørke bøner,
gjennom lått og gjennom jubel,
leggja fram for Herren Kristus
alt det livet som eg ber.*

*3 Når eg pustar, når eg tenkjer,
når eg ler, og når eg sørger.
Finn ørsmå hol i dagen
som gjer Kristus sterk og nær.
Der eg lever midt i livet –
midt i verda, midt i dagen,
ber eg med meg Kristi kjærlek;
det er lys og salt eg er.*

*4 Jesus, ver i mine dager,
i alt liv som kjem mot meg.
Ver i mine glade timer,
mine skjelvande sekund.
La meg leva sterkt og nakent,
våga sjå og våga høyra,
våga leva midt i livet,
våga trå på heilag grunn.*

Heidi Strand Harboe er også lyrikar og har gjeve ut fleire diktsamlingar og har skrive fleire barnemusikalar. Ho har sin eigen interessante blogg kalla sporisand.net. Mange av dikta hennar er perler som er verd å lytta til.

«Ta heller med deg hjarta ditt» er døme på eit slikt dikt.

Ta heller med deg hjartet ditt

*Pakk livet rundt deg,
gå ut og ver ein forskjell.
Oppna dørene mot byen,
slå gjerne krossmerket på panna og brystet ditt.*


*Legg navlen og nasetippen
forsiktig til sides.*

*Ta heller med deg hjartet ditt,
det såre og det varme,
ikkje tenk for mykje,
bare ta det med.*

*Tenn gjerne eit lys
for alt du ikkje har ord for,
for alt du ikkje sa.*

*Ta gjerne på deg ullsokkane
det kan koma godt med.*

HEIDI STRAND HARBOE



Slik såg framsida til forrige kyrkjeblad ut.
Heidi hadde teke blombeiletet.
Naturen og sjølve livet, det ho opplever
som menneske, inspirerer henne.

Håp, glede og latter!



Det vart BUK (Barnas Uke i Kyrkja) i år også. Men koronatiltaka gjorde arrangementet litt annsleis enn før. No var det berre ein dag, mandag 22. juni, og mange smittevern-tiltak. Men for ein dag det vart, fylt med håp, glede og latter!

BUK hadde mange spennande kohortar (eller faste grupper) å velja mellom: Hest, gardsliv, spiking og friluftsliv, sykling, fiske, friluftsliv og hund, ei gruppe måla og laga ting. Og deltakartalet? Det er knapt til å tru: 88!

Takk til alle born og vaksne som var med på å spreia slik glede og optimisme denne dagen.

«Det finst håp. Alltid».
Det var det viktige temaet i år.

Foto: Mathias Luksengard Stave, Kristine G Andersen, Hilde Kirkebøen, Karianne Gudbrandsgard, Ingrid K Hajem

Formiddagstreff

Påmelding til Ål kyrkjekontor
tlf. 32 08 61 61. Maks 20 personar
pr. arrangement.

Ål

Onsdag 2. september:
Kafe TID kl. 10:30–12:30

(merk tid og stadt!)

Tema: Integrering, språkpraksis og kafe TID. Besøk av Silje Marie Landsmann–Wiwe frå flyktningetenesta og personar i språkpraksis på kafe TID.

Onsdag 7. oktober:
Ål kyrkestugu kl. 11–13
Andakt: Berit Kilde
Tema: Margit Lappegård; tema i tilknytning til verdsdagen for psykisk helse 10. oktober.

Onsdag 4. november:
Ål kyrkestugu kl. 11–13
Andakt: Magny Folkedal
Tema: Knut Oleivsgård; Farbror Otto sin jakttur på Reineskarvet under krigen.

Thor og Valgerd i Ål kyrkjeakademiet

Ål kyrkjeakademiet startar haustprogrammet i stavkyrkjemuseet i Prestegardslåven (om koronasituasjonen tillet det).



Lokalhistorikar Thor Warberg har omvising og orienterer om stavkyrkja og samfunnet i Ål i mellomalderen, og dei skattane som fanst der.
Prestegardslåven på Sundre, torsdag 17. september kl 19:15



Möt Valgerd Svarstad Haugland, fylkesmann og tidlegare KrF-leiar, stortingsrepresentant og statsråd. Ho held foredrag om «Å leva eit liv eg aldri har drøynt om»:

– Det er med undring eg ser tilbake på mitt eige liv. Eg skulle aldri bli lærar som far min, men det vart eg. Eg tenkte aldri på å bli politikar, som farfar min, men det vart eg. Då eg var ferdig i politikken, ville eg gjerne bli fylkesmann. Og det vart eg! seier Valgerd.

Syningen, Ål kulturhus, onsdag 21. oktober kl. 19:15

Tru og lys

Måndag 31. august:
Vats fjellkyrkje kl. 17–19
Tru og lys tankar; Guri Ekse

Måndag 28. september:
Kyrkestugu og Ål kyrkje kl. 17–19
Tru og lys tankar; Sigurd Dahle

Måndag 26. oktober:
Kyrkestugu og Ål kyrkje kl. 17–19
Tru og lys tankar; Hilde Kirkebøen

Vats bedehus i Nordbygdene

Onsdag 30. september kl. 12–14:
Tema v/Ingvard Solberg: Frå Lista til Ål
Onsdag 25. november kl. 12–14:
Tema v/Tore Bøygård: Frå kyrkjetenar til skiskyttarpresident.

VI GÅR I KYRKJA

SEPTEMBER

06.09.2020	Matt 20,1-16
Torpo kyrkje Konfirmasjon	10:30 og 12:30
Torpo kyrkje Konfirmantpresentasjon	19:00
12.09.2020	Matt 20,1-16
Ål kyrkje Konfirmasjon	11:00
13.09.2020	Fil 1,9-11
Leveld kyrkje Konfirmasjon	11:00
Leveld kyrkje Konfirmantpresentasjon	19:00
20.09.2020	Mark 7,31-37
Ål kyrkje Konfirmasjon	11:00
Ål kyrkje Konfirmantpresentasjon	19:00

27.09.2020	Joh 11,17-29 og 30-46
Vats fjellkyrkje Ål kyrkje	11:00 19:00

OKTOBER

04.10.2020	Matt 8,14-17
Vats fjellkyrkje	11:00
11.10.2020	Matt 5,20-26
Ål kyrkje	11:00
18.10.2020	Joh 11,1-5
Torpo kyrkje Misjonsgudsteneste	11:00
25.10.2020	Luk 13,22-30
Ål kyrkje	11:00

NB! Med etterhald om endringar på grunn av koronasituasjonen.

Spørsmål og svar om gravplassen

Mange har spørsmål om gravplassane våre. I haust blir det informasjonskveldar om dette i alle sokna: Om sentralt og lokalt lovverk, mellom anna med ordning for urne og kistegravferd. Feste og førehandsfeste - rettar og plikter. Gravminne og plantefelt. Informasjon om minnelund og alternativt gravfelt.

Det er kyrkjeverje Kjellfred Dekko som vil informera.

Torpo kyrkje tysdag 27. oktober
Leveld kyrkje onsdag 28. oktober
Ål kyrkestugu onsdag 4. november
Alle kveldar kl. 18:00 – 19:30.

Helsingar til konfirmanten

Endeleg! No i september blir det konfirmasjonsgudstenester i alle tre soknekyrkjene våre. Mange ynskjer å gje konfirmanten ei helsing. Du kan levera konvoluttane på kyrkjemotet i opningstida, eller leggja det i ei kasse i anten Leveld, Torpo eller Ål kyrkje ein time før sjølv gudstenesta. Soknepårådet sørger så for at den enkelte konfirmant får helsingane.

Open Ål kyrkje

Tysdag – fredag kl. 10 – 14
Onsdagar også kl. 19:30 – 21.
Kveldssamling onsdagar
kl. 19:00 – 19:30 i ulike variantar
(musikk, song, kveldstankar,
bøn, nattverd).

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut siste veka i oktober. Stoff til bladet må leverast kyrkjemotet/epost: aal.kyrkje@hallingnett.no eller eller til redaktøren:
Birger.Bolstad@hallingnett.no innan 27. september 2020.

DØDE

ÅL

16.12.20	Per Asbjørn Amundsen	f.1934
26.12.20	Astrid Sæfvenbom	f.1930
28.04.20	Olaug Holeplass	f.1943
14.05.20	Gunnvor Øino	f.1921
01.06.20	Arne Reidar Odden	f.1926
03.06.20	Turid Lybekk	f.1942
04.06.20	Kristi Håheim	f.1922
05.06.20	Borghild Arnøy	f.1930
08.06.20	Johanna Stolen	f.1930
24.06.20	Leif Bu	f.1939
02.07.20	Birgit Bjella	f.1930
22.07.20	Håkon K. M. Skrindo	f.1935
25.07.20	Gunvor Marie Ekli	f.1935

Leveld

12.04.20	Edith Sofie Brattegard	f.1931
23.07.20	Siri Annett Klype	f.1973

Torpo

15.02.20	Hermann Olav Nyhusmoen	f.1950
02.04.20	Solrun Opheim	f.1931
06.06.20	Erlend E. Opheim	f.1935

DÅP

ÅL

21.06.20	Ella Sofie Thoresen
05.07.20	Noah Stige Brye
02.08.20	Filip Nässelquist Lid
02.08.20	Sverre Øynebråten Etterlid

VIGSEL

Ål kyrkje

07.03.20	Sigrid Sørbøen Halvåg og Magnus Sæhle Sylta
----------	--

Nystølkirkja

27.06.20	Ingjerd Langeard Nakken og Halvard Berge
----------	---



Samtaler for par, familier og enkelpersonar. Kommunikasjon, konfliktløysing, foreldrerettleiliing, mekling m.m. Tilbodet er gratis

Tlf. 32 12 33 44

www.familievern.no
www.bufetat.no

John W. Johnsen (82) arbeidde som lektor i skuleverket i Ål i til saman 27 år. Han har vore sterkt politisk engasjert og hatt fleire tillitsverv i Arbeiderpartiet og fagrørsla. Historikaren Johnsen har dei siste 10–15 åra arbeidd med det store bokverket om arbeidarrørsla i Hallingdal. Fyrste bandet handlar om perioden 1850–1920 og heiter «Frå sosial bygdeopposisjon til sosialdemokratisk arbeidarrørsle». Johnsen gjev ut band to (tidsrommet 1920–1945) i år og går så i gang med etterkrigstida og siste bandet. Me har utfordra Johnsen til å skriva om arbeidarrørsla og kristendommen her i kyrkjebladet. Red.

Arbeidarrørsla og kristendommen

Av John W. Johnsen

Noko av det mest interessante eg fann då eg arbeidde med historia til anleggsarbeidet ved Bergensbanen, var at representantar for dei fagorganiserte og talarar frå den politiske arbeidarrørsla rundt 1905 såg på arbeidarrørsla som eit framhald av dei første kristne. Torgeir Vraa, redaktøren i avis Freimiden og den største talaren rørsla hadde i Buskerud, hevda dette under skipingsmøtet til arbeidarforeininga Enighet i Ål i mai 1905. Då sa han seg samd med sokneprest i Trefoldighetskirken i Oslo, Herman Lunde, som meinte det same, men mellom prestane var Lunde ein av få. Vraa tok dette opp att i fleire talar gjennom mellomkrigstida. Det gjorde også andre talarar som i den tida gjesta Ål. Det høyrer og med til dette at den aller første representanten som Arbeiderpartiet hadde på Stortinget, Alfred Eriksen, var sokneprest i Karlsøy nord for Tromsø.

- Hans ord er grunnvollen

Formannen i arbeidarforeininga Enighet, Lauritz Koppang, oppmoda ved kvar juletid medlemmene sine å halde seg borte frå sterke drykk, «men holde seg i vår mesters fotspor som tok de første skritt til sosialismens utvikling, og hans ord er grunnvollen den dag i dag».

Formannen i Arbeidsmandsforbundet, som organiserte anleggsarbeidarane, skreiv i 1903 i eit dikt:

*«Han var en arbeidsmand, Jesus Krist,
han kom til jorden for å frelse folket,
han lov og rett for de lærde tolket,.....»*

Mange meinte i den tida at den første kristne menigheten var sosialistisk der dei delte det vesle dei hadde, hjelpte kvarandre i framgang og motgang og soleis levde i tråd med dei idealane som sosialdemokratane i Norge arbeidde etter. Læra til Jesus om nestekjærleiken skulle setjast om i praksis gjennom solidaritet med dei svake i det norske samfunnet.


Dette viser ei positivt haldning til kristendommen som vert understreka av at arbeidarkvinnelaget i Ål song salmar på møta sine, dei hadde besøk av Frelesarmeene som spela og song, og der «løytnanten heldt ei kort tale»; ho heldt altså ein kort andakt. Desse kvinnene spegla tilhøve heime, der mannen var med i arbeidarlaget.

Kristen nestekjærleik og solidaritet

Oppveksten til menn og kvinner i arbeidarrørsla var prega av kristen tru. Hovudfaga i skolen til barn av småårsfolk var kunnskap til innhaldet i Bibelen, kyrkjehistorie og katekisme. Dei pugga tekstar utanåt og song salmar og andre songar med religiøst innhald.

Eg har sjølv vore med i arbeidarrørsla i over 50 år med verv både i dei politiske, faglege og kulturelle delane. Eg har aldri vore med i møte der ein har hatt som

Læra til Jesus om nestekjærleiken skulle setjast om i praksis gjennom solidaritet med dei svake i det norske samfunnet.



Lokalhistorikaren John Willy Johnsen med band I av historia til arbeidarrørsla i Hallingdal 1850-1920: Frå sosial bygdeopposisjon til sosialdemokratisk arbeidarrørsle.
Foto: Birger Bolstad

emne å snakke kristendommen ned eller agitere mot han. Eg har vore på fire landsmøte i Arbeiderpartiet og ei rekke landsmøte i andre arbeidarorganisasjoner, og den same røynta har eg der.

Tvert om: I ei rekke samanhengar i arbeidarrørsla har eg treft på folk som kallar seg personleg kristne, spesielt då eg hadde som oppgåve å bygge opp att ein organisasjon som arbeidde blant dei svakaste i landet, Arbeiderbevegelsens rus- og sosialpolitiske forbund (AEF). AEF har sitt opphav i arbeidarrørslas kamp mot fylla, for edruskap og ein solidarisk grunnideologi. Desse engasjerte kristne var dei fremste til å ta i eit tak til fordel for dei som trong hjelp. Dei er på mange måtar av dei beste vi har i arbeidarrørsla, for dei bygger på det ideologiske grunnlaget som er det beste i landet vårt: Den kristne nestekjærleiken og solidariteten i arbeidarrørsla.